

REFERAT FRÅ

ÅRSMØTE FOR ÅR 2017

SOLUND IDRETTSLAG

Møtestad: IDRETTSBYGGET PÅ HARDBAKKE

Møtetid: MANDAG 5. MARS 2018 KL 18.00

Det var 12 stk. røysteføre medlemmer til stades på årsmøtet.

Innleiingsvis ynskte leiaren hjarteleg velkomen til årsmøtet.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og saksliste

- Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjende

Sak 2. Val av møteleiar

- Irene vart samrøystes vald

Sak 3. Val av referent

- Kjell Mongstad vart samrøystes vald

Sak 4. Val av representantar til å skrive under møteboka/protokollen

- Daniel Røed og Ingvar Mårstig vart samrøystes valde

Sak 5. Godkjenning av årsmelding 2017

- Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med innarbeiding av følgjande:
 - o Deltaking 2 personar var med på sykkelrittet Bergen-Voss
 - o Særforbund: NAIF – Norsk Amerikansk Idretters Forbund

Aktivitetsleiaren vart oppmoda om å legge inn bilete i sine aktivitetsmeldingar.

Sak 6. Godkjenning av rekneskap 2017

- Årsrekneskapen er revisorgodkjent, og vart samrøystes vedteke av årsmøtet

Sak 7. Budsjett 2018

- Budsjettet vart godkjend slik det ligg føre med følgjande tillegg:
 - o Auka kostnader til dekning for utandørs høgdehoppstyr + kr. 50.000

Sak 8.**Medlemskontingent**

- Kontingentten for år 2018 vart vedteken slik:
 - o Familiemedlemsskap vert auka til kr. 750,-
 - o Andre satsar vert halden på dagens nivå.
 - o Historikken på medlemskontingentsatsane vert gjennomgått til neste årsmøte.

Sak 9.**Val 2018**

- Valnemnda la fram eit eige skriv som synte deira framlegg til val for 2018. Følgjande vart samrøystes valde:

Styret:

Kim Arnes (attval) - 2 år
Daniel Røed - 2 år

Styreleiar (1 år):

Irene Sanden

Vararepresentantar:

Nina Bauge - 2 år
Kjell Mongstad (attval) - 2 år

Revisorar:

Vigdis Ravnøy (attval) - 2 år

Valnemnd:

Anita Lien Einen attval - 2 år

Val av kasserar:

Heidi Sanden (attval) - 2 år

Sak 10.**Status/informasjon «kunstgrasbane»**

- Status Kunstgras - Ferdig
 - o Kjøpt traktor
 - o Kjøpt nye mål
 - o Utbetaling av tippemidler skjer i år 2018
- Status Sprint - Ferdig
 - o Utvida med 1 sprintbane
 - o Kjøpt startblokker
 - o Uklårt med utbetalingstidspunkt av tippemidler (sannsynleg 2018)
- Status Lysanlegg – Straum framført, manglar målar
 - o Sunnfjord Energi AS er ferdig, etter utsetjingar grunna vinterstormherjingar på kraftlagstraséen på Ytre Sula.

- HAFS Elektro kan tenne lysa, så snart målarer frå SE er på plass.
- Status Hopp og Kast / ferdiggjering asfaltdekke mellom fotball og sprint
 - Planskisse vart vist
 - Sandfangar, trestegplanker og rydding av plank. Dugnad innan 3. april
 - Grunnarbeid og asfaltering vert gjort i løpet av april
 - Spurtandekke vert lagt når temperatur og vind er på akseptabelt nivå.
 - SIL har løyvd midlar til utandørs høgdehopputstyr. Vert kjøpt inn.
- Status Klatrepark m/lys
 - Bilete av ein klatrepark vart vist
 - Inkluderer rullestolrampe
 - Kommunale midlar og tippemidlar er løyvd, herunder til lyssetting av heile delanlegg friidrett hopp og kast, på same prosjekt.
 - Konkurransgrunnlag vert sendt ut innan utgangen av veka
 - Forventa oppstart innan utgangen av april
- Status Diskgolfbane, herunder re-etablering 9-korgsbane
 - Ferdig med hovudanlegget, finpuss igjen
 - Mange positive side-effektar
 - Samanbinding mellom dei ulike nærmiljø-/idrettsanlegga
 - Kystarboretet har fått ei ansiktsløfting
 - Eit nytt friluftsliv- utkiksområde er oppdaga – Storehågjen
 - Ny skøyteis er oppdaga der, og tatt i bruk
 - Turstiane er komen på plass; - i samarbeid med Draumeplassen
 - Planskisse er klar for re-etablering av 9-korgsbane rundt Idrettsparken.
 - Kommunen må godkjenne planskissa, før gjennomføring
- Status Draumeparken del 2
 - Solund kommune i samarbeid med skulen arbeider med å få på plass eit bygg (ein lavvo el.likn.) som er eigna for rekreasjon.
 - Draumedassen, balanseanlegg el.likn. kan verte aktuelt. Lokalisert til området ved inngangen til Kystarboretet sør.
 - Framdrift og utforming / innhald er avhengig økonomi og tippemidlar.
- Status Dagsturhytte
 - 15 kvm – m/lager, «bibliotek» og vedovn
 - Lokalisert på Kråka
 - Tippemidlar er innvilga
- Status Andre anlegg
 - Multisportanlegg – er lagt inn på planskisse
 - Akebakke – kan enkelt tilretteleggast
 - Lyssetting skøyteisområde
 - Tursti mellom skule og nærmiljø-/idrettsanlegg – spelt inn til skulen
 - Via Ferrata opp Ravnenipa – ein idé

Nye anlegg Idrettsanlegget har i tankane, må meldast inn til Idretts- og frilufsplanen. Desse får tildelt Tippemidlar den dagen dei vert prioritert

Sak 11.

Status/informasjon «idrettshus»

- Kommunalt anlegg
- Vedteke prosjekt føreligg
- Kommunen må ta ansvar for å starte opp den vidare prosessen

Sak 12.**Fjelltrimmen – endring av regler/klasser**

Det vart vinter 2018 oppretta ei gruppe som skal jobbe med fjelltrimmen i Solund. Gruppa består av Kari Einen, Janne Britt Krakhellen, Lasse Sørensen, Aud Sølvli Fosse, Ann Helen Kvamen, Erna L. Trovåg. Kari Einen er aktivitetsleiar.

Det vart lagt fram for årsmøte eit forslag frå den nyoppretta Fjelltrimgruppa, der gruppa oppmoda årsmøtet om å godkjenne endringar i fjelltrimopplegget rundt poenggjeving, klasseinndeling og premiering.

Målet med endringane er å stimulere til auka aktivitet generelt, få fleire til å gå på tur, herunder dei som vil gå kortare turar og stimulere til både å ta i bruk nye stimoglegheiter og gå på tur på nye fjell.

Endringane vil gjelda frå og med 1. oktober 2018.

Framlegg til endring av fjelltrimmen i SIL:**Oppretting av nye fjelltrimposter:**

Langevatnet, Tungodden	- 10 poeng
Huseffjellet, Hersvik	- 10 poeng
Dagsturhytta Kråka	- 10 poeng
Halvvegs til dagsturhytta	- 5 poeng
Stokkevåg	- 10 poeng
Råkevatnet	- 5 poeng

Endring av poeng, eksisterende poster:

Fonnaheia	- 30 poeng (tidligere 20 poeng)
Hellelinipa	- 20 poeng (tidligere 15 poeng)
Strandafjellet	- 15 poeng (tidligere 10 poeng)

Endring av klasseinndeling og premiering:

Born	0- 11 år.	Premiering til alle deltakarar.
Menn/gutar	12-15 år.	Premiering til dei tre beste.
	Over 16 år	Premiering til dei tre beste.
Damer/jenter:	12-15 år.	Premiering til dei tre beste.
	Over 16 år	Premiering til dei tre beste.

Premiering:

Premiar til alle i barneklassen

Klasse - menn/gutar og damer/jenter

1. premie gåvekort verdi 500 kr.
2. premie gåvekort verdi 300 kr.
3. premie gåvekort verdi 100 kr.

- 0-15 år: 15 turar eller meir - trekning gåvekort på 1.500 kr.
Over 16 år: 30 turar eller meir - trekning gåvekort på 2.500 kr.

NYTT: ÅRETS FJELL.

Kvart år vert 2 fjell definert og det vert angitt kor mange turar ein må ha på kvart av desse, for å kunna vera med i trekninga om premiar. T.d.:

Årets store fjell:	5 turar på Fonnaheia	- trekning om 1.000 kr.
Årets lille fjell:	7 turar halvvegs til Dagsturhytta	- trekning om 500 kr.

Ellers har arbeidsgruppa satt seg fyljande mål:

Kortsiktig arbeidsmål:

- Merkekurs via fylkeskommunen.
- Merking av Fonnaheia (avtale med grunneigar og merking med skilt og postkasse)
- Postkasse innpå fjellet på Hammarstakken.
- Merke sti til dagsturhytta.
- Merke opp igjen stien rundt Rammenipa
- Felles turar i regi av idrettslaget.
- Innarbeide Husefjellet på Gylta/Eide som ein fjelltrimpost.

Langsiktige arbeidsmål:

- Skilting og merking av turstiar
- Avtale med grunneigarar
- Merking av parkeringsplassar
- Kart over fjellturar.
- Knyte saman fjelltrimturar i Solund.


Vedtak:

Årsmøtet godkjende samrøystes den nyoppretta Fjelltrimgruppa sitt framlegg til fjelltrimpostar, poeng, premiering og målformueringar gjeldande frå 1/10 2018.

Avslutningsvis i møtet, delte leiaren ut premiar for Fjelltrimmen 2017.

Møtet slutt

Hardbakke 5. mars 2018




Kjell Mongstad
referent

Hardbakke 6. mars 2018



Daniel Røed
Vald til å skrive under møteprotokollen



Ingvar Mårstig
Vald til å skrive under møteboka